


Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 37/2011

Møtedato: 13.9.11

Møtestad: Vaset

Arkiv nr: S626

S 626, Nørre Trøllhøvd – endra søknad om tilbygg på sel

Jorunn Bråten Tvenge og Arvid Tvenge søkte den 29.4.11 om å føre opp eit tilbygg til selet på 32,4 m² (BRA). Eksisterande sel er på 43,2 m² (BRA). Samla areal etter påbygging blir 75,6 m² (BRA).

Oppland fylkeskommune gav den 26.5.11 at det ikkje var særskilte merknader til søknaden på føresetnad at normale retningsliner for byggeskikk blir fulgt.

Statskog har i brev datert 24.5.11 tilrådd at søknaden blir avsleget. Bakgrunn for dette var at Statskog meinte stølen ikkje var i bruk etter fjellova og at det ikkje var behov for utvida husvære ut frå landbruksdrifta.

Fjellstyret fann at stølen var i bruk ut frå gjeldande regelverk og at det var behov for meir husvære og gjorde følgjande vedtak i sak 27/11: *Fjellstyret viser tilaksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal og godkjennen, etter § 10 i stølsforskrifta, søknaden om tilbygg avgrensa opp til 70 m² (BRA)*.

Blir det ikkje gjort andre endringar enn å ta av lengda på selet med 1 meter behøver ikkje teikningar av selet godkjennast på nytt av fjellstyret. Endra teikning skal uansett sendast fjellstyret til orientering.

I brev datert 4.7.11 klaga Statskog over fjellstyret sitt vedtak med dei same grunnar som vist til i uttale datert 24.5.11.

Tvenge har i brev 31.8.11 levert følgjande endra søknad:

Viser til tidligere søknad om å få bygge på selet. Vi har tidligere leid bort gården med støl, men vi har funnet ut at det er tid for å gjenoppta driften på gården selv. Samtidig vil dette løse tvisten mellom Statskog og fjellstyret der det er uenighet om stølen er i bruk eller ikke. Vi trekker derfor tidligere søknad. Vi fremmer ny søknad med bakgrunn i egen drift og søker om samme areal som tidligere. Produksjonen vil være høyproduksjon for salg, både hjemme og på stølen.

Selet har i dag bare ett soverom på 1,13 x 2,5 meter og dette rommet er egentlig ikke skikket til soverom. Dette rommet er best skikket til lagerrom/bod. Vi ønsker derfor å bygge på to soverom og et vaskerom/bad. Dette vil skje innenfor samme areal som vi tidligere har søkt om. Vi har ikke lagt arbeid i fordeling av areal innvendig før vi vet om vi får godkjent søknaden. Utvendig vil selet bli utformet på samme måte som vist i tidligere søknad. Vi vil få bemerke at selet er gammelt og det er ikke mulig å få tilpasset praktiske løsninger på samme måte som i et nytt hus. Hadde vi bygd et nytt hus kunne det vært mulig å få til de samme funksjonene på et mindre areal.

Vi har begge arbeid utenom gården og den praktiske driften av gården må derfor skje på kveld og helg. Det er for lang veg å reise opp og ned til bygda. Vi er derfor avhengige av å kunne ha et tilfredsstillende hus for drifta på stølen. Et av barna har planer om å overta gården i nær fremtid og vil også være delaktig i driften. Det vurderes å starte opp med husdyr når de overtar. For en mer intensiv drift er en avhengig av å gjøre utbedringer både på hus og jordveg. Disse forholdene gjør det absolutt nødvendig med større areal enn det vi har i dag.

Stølen er i bruk og skal behandles etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjør, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal legge saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret legge saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog er bedt om ny uttale. Oppland fylkeskommune er ikkje bedt om ny uttale då huset utvendig er som tidlegare.

Landbrukskontoret har i brev datert 8.9.11 stadfesta planen og funne at dette er tenleg og levedyktig drift.

Statskog har i brev datert 9.9.11 gjeve følgjande uttale:

....Statskog mener at behovet for utvidelse av selet i utgangspunktet ikke er til stede. I merknadene til seterforskriften § 10 er det lagt vekt på at påbygg, nybygg eller endringer av hus, omhandler bygninger til mer tradisjonelle seterformål og for bygninger tiltenkt småskala turistmessig satsing. I dette tilfelle er det ikke tradisjonell drift av stølen, ei heller småskala turistvirksomhet i sammenheng med tradisjonell støling....

Ein må tolke Statskog til at dei meiner at etter §10 skal det vera like strenge krav til å få bygge på stølane som det er å få vist ut ny støl. Dette er ein ny argumentasjon frå Statskog for å stoppe utvikling i stølsbruket. Stølskulturen er noko langt meir enn berre mjølkeproduksjon. I Vestre Slidre er det lang tradisjon for å bruke stølane både til beite og førproduksjon. Valdres er i ein unik situasjon med ein levande stølskultur og Vestre Slidre er den kommunen i Valdres og i Noreg med mest aktive stølar. Det er både eit lokal og nasjonalt mål å ta vare på denne stølskulturen. Statskog går med sine vedtak direkte mot det som er statlege mål for stølsbruket.

I kommentar til forskrifta for utvising av støl står det også at det skal leggjast vekt på at den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjonar når det gjeld næring, landskapsbruk, byggeskikk og omsyn til eksisterande natur- og kulturmiljø. Ein skal også leggje vekt på om etableringa sikrar levande stølar og ein stølskultur for framtida. For at ein skal kunne oppretthalde drift på stølane og å ta vare på stølskulturen, er det nødvendig at folk har husvære etter dagens standard og ikkje etter standard frå 50-talet. Det er ikkje spesielt kravfullt å få ha to sengerom og eit bad/vaskerom. Eksisterande sel har eit gammalt tilbygg på eine sida som ikkje samsvarar med retningslinene for stølshus. Ved ombygging av selet vil det også stå meir fram som eit meir tradisjonelt utforma sel og i samsvar med retningslinene.

Statskog meiner at Tvenge ikkje har behov for areal ut over 43 m^2 . I klagesak over fjellstyrevedtak 10/2010 har SLF stadfesta at stølsbrukaren har behov for sel av ein høveleg storleik, sjølv om det dreiar seg om førproduksjon. I sak 10/10 var det eit langt større areal enn 43 m^2 . Det har vore praksis både i Vestre Slidre og andre stadar å godkjenne utviding av bygg ved beite eller førproduksjon. Prinsippet om at stølar med førproduksjon kan få ha sel i den omsøkte storleik er derfor alt avklara av SLF.

Stølsforskrifta er mykje endra dei seinare åra og fjellstyret har eit større ansvarsområde. Bruksrett til støl forvaltast eksklusivt av fjellstyra og Statskog har ikkje forvaltningsansvar. Statskog er i dag fyrst og fremst eit statsføretak som er å sjå på som grunneigar i statsallmenning på vegne av staten. Statskog skal ivareta sine interesser som grunneigar og skal ikkje vera forvaltningsorgan etter §10. I følgje stølsforskrift har Statskog rett til å gi uttale til søknaden. Dette skjer i eigenskap av grunneigar og ikkje som forvaltningsorgan. Statskog har korkje i denne saka eller tidlegare saker gjeve uttale om at tiltak etter §10 vil vera til ulempe for grunneigarretten. I følgje uttaler kan det sjå ut som Statskog oppfattar seg som eit forvaltningsorgan etter fjellova når det gjeld tiltak på stølane. Statskog har ikkje har slik rolle i dag.

Fjellstyret har i behandling av søknaden lagt vekt på dei grunnar søkjaren har opplyst; det at tilbygget er vanskeleg å tilpasse pga ueigna innreiing, selet blir betre tilpassa til lokal byggeskikk, at det er eit familiebruk og at det er stor avstand til bygda. Dette samsvarar også med føringane om at ein skal ta omsyn til å sikre stølsnæringa/stølskulturen og at ein skal ta omsyn til lokale tradisjonar.

Kari Tyldum fremma slik forslag vedtak: Fjellstyret viser til saksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal. Etter § 10 i stølsforskrifta godkjenner fjellstyret søknad om tilbygg, avgrensa opp til 70 m^2 (BRA) grunnflate på selet.

Arild Brattrud fremma slik forslag til vedtak: Fjellstyret viser til saksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal. Etter § 10 i stølsforskrifta godkjenner fjellstyret søknad om tilbygg slik som omsøkt.

Kari Tyldum sitt forslag fekk tre stemmer og Arild Brattrud sitt forslag fekk ei stemme.

Vedtak

Fjellstyret viser til saksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal. Etter § 10 i stølsforskrifta godkjenner fjellstyret søknad om tilbygg, avgrensa opp til 70 m^2 (BRA) grunnflate på selet.

Blir det ikkje gjort andre endringar enn å ta av lengda på selet, behøver ikkje teikningar av selet godkjennast på nytt av fjellstyret. Endra teikning skal uansett sendast fjellstyret til orientering.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.9.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jorunn Bråten Tvenge og Arvid
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune